

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

07.11.2017

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
 Revisor
 Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

mandag, 13.11.2017 kl. 1605 i Formannskapssalen

SAKLISTE:

- Sak 08/17 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.06.2017
- « 09/17 - Offentlegheit/lovlegklage
- « 10/17 - Kommunerekneskapen pr. 2. tertial 2017,
 orientering v/økonomisjef Ståle Anker Ljøen
- « 11/17 - Status vedkomande innbetalte refusjonar vedkomande anlegg i
 Svemorka, orientering v/økonomisjef Ståle Anker Ljøen
- « 12 /17 - Budsjett 2018, orientering v/økonomisjef Ståle Anker Ljøen
- « 13/17 - Overordna revisjonsstrategi og engasjementsbrev, jfr. **vedlagde**
 ekspedisjon av 19.10.2017 frå Komrev. 3 IKS.
- « 14/17 - Eigarskapskontroll, oppstart, jfr. tidlegare vedtak
- « 15/17 - Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 25 48 00 eller 916 81 770 eller e-post advokat@kvammen.no til advokat Kjetil Kvammen, som møter på vegne av dagleg leiar Harald Rogne.

Inge Gjærde
Leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 13.06.2017 kl. 16.05

Møtestad: Høgda

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, , Ole Jørgen Sve, Anne Melgaard Tårn og Svein Kvaløy

= **5 voterande**

Eva Rinde Habostad hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå Stranda kommune møtte rådmann rådmann Åse Elin Hole og økonomisjef Ståle Anker Ljøen.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 03/17

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16.01. 2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. januar 2017 blir godkjent.

SAK 04/17

ÅRSMELDING 2016 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 06.06.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2016 for Stranda kommune til orientering.

SAK 05/17

KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 06.06.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Stranda kommune sin rekneskap for 2016 blir godkjent.

SAK 06/17

REKNESKAP 2016 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Innstilling datert 06.06.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2016 blir godkjent.

SAK 07/17

REFUSJONSSAK SVEMORKA JF. KOMMUNESTYREVEDTAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 06.06.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen undersøkje:

1. Kva for refusjonar og anleggsbidrag kommunen har motteke ved prosjektslutt
2. Kva for økonomiske følgjer bortfall av refusjonskrav vil få for kommunen og sjølkostområdet.

SAK 08/17

REFERATSAK (Ekstrasak)

Saka hadde utgangspunkt i eit brev datert 07.06.2017 frå ordførar som omhandla eit medlem i kontrollutvalet som har møtt opp som tilhøyrer i møte i viltneemnda og bedt om ordet.

Gjeldande medlem i kontrollutvalet fekk kommentere brevet frå ordførar og hadde ein annan versjon av det som skjedde. Han hadde m.a. blitt bedt om å ta ordet.

Leiar ga ei orientering om det generelle regelverket for kommunale møte – om møterett og talerett. Det vart konstatert at det ikkje ligg føre møtereglement for viltneimnda i Stranda kommune.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Helge Kvame
nestleiar
(sign.)

Ole Jørgen Sve
medlem
(sign.)

Anne Melgaard Tårn
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
varamedlem
(sign.)

SUNNMØRE

KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 03.11.2017

SAK 09/17

OFFENTLEGHEIT / LOVLEGKLAGE

I saka ligg det føre notat utarbeida 28.10.2016 og slutført 20.09.2017. Notatet følgjer **vedlagt** saman med 10 vedlegg, jfr. **vedlegg nr. 1**.

Gjennomgangen av kommunen si praktisering av reglane for offentlegheit tek utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak i sak 020/16. Dette vedtaket hadde særleg fokus på lukking av møter.

Som det går fram av notatet, hadde vedtaket sin bakgrunn i m.a. lovlegklager frå lokalavisa Sunnmøringen. Dette gjaldt lukking av formannskapsmøter i 2015 og 2016. Vidare hadde representanten Frank Sve sendt krav til administrasjonssjefen om innsyn i korrespondanse og avtalar.

Kontrollutvalet ønskte å avvente fylkesmannen si behandling av dei innsende klagene, og saka vart difor liggande på vent.

Svar frå fylkesmannen til Stranda kommune vart sendt ved brev av 25.10.2017. Då oppmodingane om lovlegkontroll ikkje er sett fram frå 3 eller fleire kommunestyremedlemer, er fylkesmannen etter lova ikkje pålagd å handsame klagen, jfr. kommunelova § 59. Fylkesmannen sin konklusjon er at ein heller ikkje på generelt grunnlag finn tilstrekkeleg grunnlag for å gå inn i sakene.

Fylkesmannen kjem likevel med kritiske merknader når det gjeld kommunen si heimelstilvising for møtelukking. Her er også merknad vedkomande prosedyrereglane i lova knytt til lukking av møte.

Underteikna sitt notat av 20.09.2017 med vedlegg er oversendt rådmannen for uttale i medhald av kommunelova § 77 nr. 6.

Slik uttale låg føre i e-post av 01.11. d.å., jfr. **vedlegg nr. 2**.

I høyringsuttalen syner rådmannen til det nemnde svaret datert 25.10.2017 frå fylkesmannen.

Når det gjeld klagen frå Frank Sve, syner rådmann Åse Elin Hole til e-post av 14.02.2017 frå henne til Frank Sve. Det er her referert ein samtale den 13.02.2017 med Frank Sve, der han stadfesta at han trekkjer si klage attende. Rådmannen på si side stadfestar at arbeidet med rutineforbetringar på dette området vil halde fram.

Då underteikna den 25.08.2017 etterlyste svar i denne saka, var fylkesmannen tydelegvis ikkje merksam på at Frank Sve si klage i 2016 var kalla attende allereie i februar 2017. Eg reknar med at kommunen no i nødvendig grad informerer fylkesmannen om dette.

I sitt høyringssvar av 01. ds. syner rådmannen til diverse tidlegare korrespondanse. Rådmannen har tidlegare fokusert på at rutinane for praktiseringa av reglane for offentlegheit no er innskjerpa og forbetra.

Etter dette må ein etter mitt syn legge til grunn at dei vurderingane som kommunestyret ba om i sak 020/16 no er gjennomførde.

Saka vert med dette lagt fram med følgjande tilråding til

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet tek til vitande at kommunen sin administrasjon løpande arbeider for å betre rutinar og praksis omkring reglane for offentlegheit.
2. Saka vert å sende til kommunestyret til orientering.

Kjetil Kvammen
sakshandsamar

ADVOKAT KJETIL KVAMMEN



Side 1 av 5

Vår ref.: 208044-6

NOTAT

Til
Kontrollutvalget i: Stranda v/leder Inge Gjærde

Fremsendes gjennom:
Kontrollutvalgssekretariatet: SKS IKS v/dgl. leder Harald Rogne

Dato for utarbeidelse av notatet: 28.10.2016 / 20.09.2017

Sak: **Kommunens praktisering av reglene for offentlighet**

Saken gjelder: Oppfølging etter fylkesmannens behandling av lovlighetsklage

1. Kommunestyrets vedtak

Kommunestyret gjorde i sak 020/16 følgende vedtak:

«Kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ei vurdering av korleis meiroffentlegheit vert praktisert i Stranda kommune, og om gjeldande lovverk vert behandla rett for lukking av møte samt grunnlaget for å gjere dokument og informasjon u-off.»

2. Interpellasjon fra FrP

Denne var bakgrunnen for kommunestyrets ovenstående vedtak.

3. Lovlighetsklager fra lokalavisen Sunnmøringen

3.1. Klage 08.12.2015

Journalist Renate Furre Henriksen-Sandvær reiste i epost den 08.12.2015 til fylkesmannen spørsmål om lovligheten av kommunens lukking av formannskapsmøter den

- 02.11.2015 i sak 104/15: «Drøfting av administrativ leiding»
- 10.11.2015 i sak 110/15: «Tilsetting av ny rådmann i Stranda kommune»
- 30.11.2015 i sak: «Orientering frå ordføraren om utleige av kommunale bygg».
- 30.11.2015 i sak 111/15: «Refusjon Svemorka 2014/2015
- 30.11.2015 i sak 112/15: «Svemorka – vassforsyning/brannvatn»

- 30.11.2015 i sak 116/15: «Avlysing av anbud avløp Sve – Berge».

I brev av 18.02.2016 har fylkesmannen bedt kommunen om innen 11.03.2016 å opplyse hvorfor de aktuelle møtene ble holdt for lukkede dører, jfr. **vedlegg 1**. Ved i tillegg å be opplyst hvordan avgjørelsene om lukking ble truffet ville fylkesmannen også vurdere om avgjørelsene var blitt til på lovlig måte (jfr. koml. § 59).

Da kommunen ikke besvarte fylkesmannens henvendelse, ble kommunen purret ved fylkesmannens brev av 18.10.2016 med ny frist 11.11.2016, jfr. **vedlegg 2**. Heller ikke denne fristen ble overholdt, men i brev av 14.11.2016 svarte kommunen, jfr. **vedlegg 3**. Etter det jeg kan se av brevet forsvarer rådmann Åse Elin Hole stort sett de lukkinger som har funnet sted, uten at jeg har vurdert dette nøye.

Deretter stanset saken opp. Jeg sendte derfor en epost til fylkesmannen med følgende spørsmål: *«Jeg tillater meg å be opplyst om fylkesmannen anser kommunens brev av 14.11.2016 som avslutning av saken, eller om videre saksforberedelse og vurderinger nå blir foretatt av Dem».*

På vegne av fylkesmannen svarte seniorrådgiver Bente Thornes Kosberg i epost av 05.09.2017:

«På grunn av ressurssituasjonen og saksmengde på andre saksområder har denne saken dessverre blitt liggende lenge her uten at vi har fått avsluttet denne. Vi tar imidlertid sikte på å foreta en avsluttende vurdering i denne saken i løpet av september/oktober».

Signalet fra kontrollutvalgets leder Inge Gjærde har vært at våre vurderinger bør utestå til fylkesmannens endelige svar foreligger, jfr. nedenfor om Gjærdes notat av 24.09.2016. Saken har av den grunn ikke vært vurdert nærmere.

3.2. Klage 27.04.2016

I epost av 27.04.2016 anmodet Sunnmøringen videre om lovlighetskontroll vedrørende lukking av møte den 18.04.2016 til behandling av følgende saker:

- formannskapssak 040/16: Tak Sunnylvn skule/samfunnshus
- formannskapssak 042/16: Høgdebasseng Furset - val av tilbyder

Den 17.08.2016 ga fylkesmannen kommunen frist til 17.09.2016 for uttalelse til disse to sistnevnte sakene, jfr. **vedlegg 4**. Den 20.09.2016 mottok fylkesmannen svaret fra kommunen som sa seg enig i at sak 040/16 skulle vært behandlet for åpne dører, jfr. **vedlegg 5**.

Når det gjaldt sak 042/16 mente kommunen at lukking var rett. Fylkesmannen tok ikke standpunkt til spørsmålet da krav om legalitetskontroll ikke var fremmet av minst tre kommunestyremedlemmer. Hjemmelen for kontroll ville i så fall være fylkesmannens adgang til å utføre kontroll av eget tiltak, jfr. koml. § 59 nr. 5. Når slik kontroll ikke ble iverksatt var det bl.a. lagt vekt på kommunens løfte om at kommunens rutiner skulle gjennomgås i oktober 2016. Nærmere om dette viser jeg til fylkesmannens brev av 24.10.2016 til Sunnmøringen, **vedlegg 6**.

4. Lovlighetsklage fra folkevalgt representant Frank Sve

4.1. Begjæringer om innsyn i korrespondanse og avtale

Under henvisning til kommunens store investeringer i Svemorka krevde Frank Sve i epost av 22.11.2015 til rådmannen at all korrespondanse mellom kommunen og Orkla måtte bli gjort offentlig. Han viste til at «Bygga er oppe, og det meste på plass, utan at til dømes refusjonsgrunnlaget er på plass, noko som etter lova skulle vore på plass **før** byggeløyet vart gjeve».

Henvendelsen ble ikke besvart før 03.02.2016, jfr. nedenfor.

I kommunestyremøte den 26.01.2016 ble det opplyst av advokat som var innleid av kommunen at kommunen hadde inngått avtale med Stabburet om nytt anlegg for vann i Svemorka.

På grunnlag av dette ba kommunestyrerepresentant Frank Sve i epost av 27.01.2016 til rådmannen om innsyn i avtale med Stabburet/Orkla om nytt vassanlegg for Svemorka. Samtidig ba han om «kopi av vedtak i kompetent politisk organ i Stranda kommune, som har behandla og eventuelt godkjent ein slik avtale».

Det kan opplyses at den aktuelle avtalen gjaldt fremføring til Orkla av ny vannledning med kapasitet 12.328 liter/min for å oppfylle krav til brannberedskap. I avtalen er Orkla sitt økonomiske bidrag i investeringen avtalt kr. 3,6 mill..

4.2. Rådmannens svar til den folkevalgte representanten

Rådmannen svarte Frank Sve i epost av 03.02.2016. Svaret gjelder kun «interne arbeidsdokument».

Rådmannen avsto innsyn og begrunnet dette med at forespørselen gjaldt «interne arbeidsdokument» som er unntatt etter offentleglova § 15: «Dokument innhenta utanfrå for den interne saksførebuinga».

Rådmannen har som del av sitt svar klippet inn lovteksten i § 15, de tre første ledd. Disse omhandler også departement. Offentleglova § 15 er en «kan-bestemmelse» som åpner for vurdering av meroffentlighet/meirinnsyn, jfr. § 11. Etter denne bestemmelsen «skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn». Det fremkommer ikke at dette er vurdert.

For «sakspapir, saksutgreiing» viser rådmannen i sitt svar av 03.02.2016 til kommunens hjemmeside.

4.3. Mine merknader til rådmannens svar

Nedenstående merknader er delvis hentet fra en tidligere sak som kontrollutvalget har hatt til behandling: «Anbudsprosess VA-anlegg»ø

Svaret fra rådmannen gjaldt referat fra arbeidsmøte, noe som det ikke var spurt om. Det heter i svaret at med grunnlag i offentleglova § 15 «kan De såleis ikkje få innsyn i referat frå desse arbeidsmøta».

Rådmannen kommenterer ikke det som de skriftlige anmodningene om innsyn går ut på, nemlig

- korrespondanse mellom kommunen og Orkla
- kommunens avtale med Stabburet / Orkla om bl.a. økonomisk medvirkning

På dette tidspunkt var der ingen avtale å kreve innsyn i da denne fortsatt var muntlig, helt frem til april 2016 da den ble antedatert til 13.11.2015. Kunnskap om alle vesentlige sider ved et så prinsipielt og betydningsfullt avtaleforhold skal rådmannen anses for å ha. At det omspurte dokument ikke eksisterte fremkommer likevel ikke i rådmannens svar, noe som må anses som en mangel.

Bl.a. de ulovfestede reglene for god saksbehandlingsskikk antas her brutt.

Frank Sve stiller spørsmålene i egenskap av folkevalgt og det fremkommer ikke at rådmannen har vurdert hans forespørsel i forhold kommunens eget **reglement vedtatt 21.11.2011** med hjemmel i kommuneloven §40 nr. 5 som gjelder «*de folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling.*»

I prinsippet gis rett til innsyn innenfor organets virkeområde. Om fremgangsmåten ved krav om innsyn heter det i reglementets pkt. 5.1.:

«Krav om innsyn i saksdokument skal behandlast straks. Slike spørsmål skal rettast til rådmannen».

Det er en mangel at folkevalgt representants innsynskrav er avvist og i forhold til saksbehandlingen er kommunestyrets reglement brutt.

For innsyn utenfor organets virkeområde m.v. vil offentleglova gjelde.

Etter offentleglova § 29 første ledd annet punktum skal krav om innsyn «.. avgjerast utan ugrunna opphald». Etter fem dager skal manglende svar anses som avslag, jfr. § 32 annet ledd første punktum.

Etter offentleglova § 31 skal avslaget «også opplyse om høvet til å klage og om klagefristen.»

Offentleglovas regelverk ble her tilsidesatt.

4.4. Klagen fra Frank Sve

Frank Sve sendte i epost av 08.02.2016 klage til kommunestyret og fylkesmannen vedrørende avslag på innsyn i dokumenter vedrørende avtale mellom Orkla og kommunen om høydebasseng, jfr. **vedlegg 7**.

4.5. Kontrollutvalget avventer fylkesmannens behandling

Den 25.08.2017 tilskrev jeg fylkesmannen og ba opplyst status når det gjelder denne klagen datert 08.02.2016 fra Frank Sve.

Den 25.08.2017 svarer seniorrådgivar Bente Thornes Kosberg:

«Den andre saken du viser til gjelder klage fra Frank Sve på kommunens avslag på innryn. E-posten ble sendt både til kommunen og fylkesmannen. Etter at vi mottok denne, tok vi kontakt med kommunen per telefon og opplyste om at klagen måtte behandles av kommunen i første omgang, slik systemet er etter forvaltningsloven. Vi mottok den 15.04.16 en e-post fra kommunen med en orientering om sakens status, samt e-post av 26.04.17 (skal være 2016) om at saken ville bli behandlet i kommunen. Etter dette kan vi ikke se å ha mottatt noe mer i denne saken».

Jeg vedlegger epost av 15.04.2016 som **vedlegg 8**. Nevnte epost av 26.04.2016 følger som **vedlegg 9**. Det heter i denne bl.a.: «Eg skal prioritere og ta meg tid til å gi eit svar - sjølvsagt».

Jeg kan ikke finne at Frank Sve sin klage er behandlet i kommunen etter dette.

I notat oppdatert 24.09.2016 konkluderer kontrollutvalgets leder Inge Gjærde med at utvalget avventer fylkesmannens avgjørelse, jfr. **vedlegg 10**.

5. Foreløpig konklusjon

Jeg antar at saken blir å komme tilbake til etter at kommunen har behandlet klagen fra Frank Sve, jfr. ovenfor. Jeg regner da med å motta de nødvendige signaler om hvilken videre saksgang som er ønskelig.

Kjetil Kvammen
advokat

VEDLEGG



1

Stranda kommune
Øyna 13
6200 STRANDA

Stranda kommune - oppmoding om lovlegkontroll av møtelukking - Sunnmøringen - oversending til kommunen for uttale

Fylkesmannen viser til e-post av 08.12.15 frå Sunnmøringen, der fylkesmannen blir oppmoda om å gjere ein lovlegkontroll av kommunens avgjerd om møtelukking i fleire saker. Oppmodinga om lovlegkontroll gjeld følgjande saker:

- Formannskapet 02.11.15
 - sak nr. 104/15, drøfting av administrativ leing
- Formannskapet 30.11.15
 - orientering frå ordføraren om utleige av kommunale bygg
- Kommunestyret 10.11.15
 - sak nr. 110/15, tilsetting av ny rådmann Stranda kommune
- Formannskapet 30.11.15
 - sak nr. 111/15, refusjon Svemorka 2014/2015
 - sak nr. 112/15, Svemorka – vassforsyning/brannvatn
 - sak nr. 116/15, avlysing av anbod avløp Sve - Berge

Det følgjer av kommuneloven § 59, 1. ledd at avgjerd om møtelukking kan vere gjenstand for lovlegkontroll. Vidare følgjer det av § 59, 5. ledd at fylkesmannen på eige initiativ kan ta ei avgjerd opp til lovlegkontroll.

Før fylkesmannen gjer ei vurdering av om dei nemnte avgjerdene skal takast opp til lovlegkontroll, blir saka med dette lagt fram for kommunen. Fylkesmannen ber om at kommunen gjer greie for kvifor dei aktuelle møta vart halde for lukka dører, og korleis avgjerdene om møtelukking vart tekne. Ein ber om at dette vert gjort innan 11.03.16.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Bente Thornes Kosberg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: E-post frå Sunnmøringen av 08.12.15

Kopi:

Sunnmøringen (e-post sendt)



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78

Vår dato
18.10.2016
Dykkar dato

Vår ref.
2015/7347/BETH/323
Dykkar ref.

2

Stranda kommune
Øyna 13
6200 STRANDA

Stranda kommune - oppmoding om lovlegkontroll av møtelukking - Sunnmøringen - etterlyser tilbakemelding frå kommunen

Fylkesmannen viser til oversending herifrå av 18.02.16 av oppmoding frå Sunnmøringen om lovlegkontroll av kommunens avgjerd om møtelukking i fleire saker. Det vart bedt om ei utgreiing frå kommunen om dette, og at svar vart sendt hit innan 11.03.16.

Fylkesmannen kan førebels ikkje sjå å ha motteke noko svar frå kommunen i denne saka. Vi ber difor om at kommunen gjer greie for saka, og at det blir gitt ei tilbakemelding hit innan 11.11.16.

Med helsing

Bente Thornes Kosberg (e.f.)
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Åse Elin Hole

3

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår ref.: 15/1394-24

Dykkar ref.: 2015/7347

Arkiv: K1 - 041

Dato: 14.11.2016

Svar frå Stranda kommune i høve oppmoding om lovlegkontroll av møtelukking - Sunnmøringen

Stranda kommune viser til brev datert 18.02.2016 og 18.10.2016, der kommunen vert beden om å gjere greie for kvifor dei aktuelle møta vart halde for lukka dører, og korleis avgjerdene om møtelukking vart tekne. Stranda kommune har fått frist til 11.11.2016 med å gi tilbakemelding.

Saka kommunen skal gjere greie for gjeld lukking av Formannskapsmøte 02.11.2015, i sak 104/15 og formannskapsmøte 30.11.2015 i sakene 111/15, 112/15, 116/15, samt ei orientering frå ordførar i høve utleige av kommunale bygg som vart drøfta. Kommunestyremøte 10.11.2015, sak 110/15 – tilsetjing av ny rådmann.

Møteoffentlegheit er regulert i kommunelova og dokumentoffentlegheit er regulert i forvaltningslova og i offentleglova. Reglane gjeld uavhengig av kvarandre, men reglane er kopla til kvarandre på nokre punkt og i konkrete saker.

Avgjerd om eit møte skal lukkast, er ei avgjerd som framstår som sjølvstendig, dette innebære at det skal protokollførast etter reglane i kommunelova §30 nr 4. Like viktig er at ein grunngeir kvifor ein lukkar møte med henvisning til kva nummer i kommunelova §31 ein nyttar, samt eventuelle andre lovheimlar som grunngeir for kvifor ein lukkar møtet.

Kommunelova §31.5 opner for at møtet kan lukkast av hensyn til personvern eller tungtveiende offentleg interesser.

Stranda kommune har i alle ovannemnde saker protokollført «møtet lukka i medhald av kommunelova §31.5, samt henvisning til andre lovheimlar alt etter kva saka gjeld.

Formannskapsmøte 02.11.2015

Sak 104/15 – drøfting av administrativ leiing.

Protokoll syner – «møtet lukka i medhald av kommunelova §31.5, offentleglova §13 og forvaltningslova §13.2».

Dette var ei orientering etter eit møte i tilsetjingsutvalet om personlege forhold i høve omplassering av ein tilsett i organisasjonen.

Kommunen burde ha nytta kommunelova §31.2 eller 3 som seier at eit møte *skal* lukkast når det føreligge taushetsbelagte opplysningar eller saker som angår ein arbeidstakar sitt tenestelege forhold.

Offentleglova §13 gjelde innsyn i dokument som inneheld taushetsbelagt opplysningar. Kommunen valde å unnta heile dokumentet og ikkje delar av det som lova opnar opp for at ein bør gjere.

Forvaltningslova §13.2 gjeld innsyn i dokument og dette gjeld opplysningar om «noens personlege forhold», då skal møtet haldast for lukka dører.

Dette var ei orientering og saka vart drøfta, såleis var det var ingen avstemming som gav grunn til å opne dørene.

Formannskapsmøte 30.11.2015

Orientering frå ordførar om utleige av kommunale bygg.

Protokoll syner «møtet lukka i medhald av kommunelova §31.5, offentleglova §23 og forvaltningslova §13.2».

Kommunen nytta offentleglova §23, då det i saka ville føreligge tungtvegande offentleg interesser som talar for skjerming av dei konkrete opplysningane som ville kome fram under møtet. Dermed er opplysningane av ein slik karakter at ein kan lukke møtet. Det var den forretningsmessige dimensjonen i saka som avgjorde at ein valde å lukke møtet der det var snakk om avtaleinngåing.

Dette var også ei sak som vart diskutert og drøfta utan tilråding eller vedtak.

Kommunestyre 10.11.2015

Sak 110/15, tilsetjing av ny rådmann i Stranda kommune.

Protokoll syner «møtet lukka i medhald av kommunelova §31.5 og offentleglova §25».

Kommunen burde også her at presisert at møtet var lukka i medhald av §31.2 eller 3, som seier at eit møte *skal* lukkast når det føreligge taushetsbelagte opplysningar eller saka angår ein arbeidstakar sitt tenestelege forhold.

Ordførar orienterte her frå arbeidet i utveljing av kandidatar, referansejennomgang og frå intervju og innstilling i val av kandidat.

Kommunen burde ha opna møtet under avstemming, dette vart ikkje gjort.

Offentleglova §25 gjeld innsyn i vedtak om tilsetjinga. Kommunen valde å unnta heile dokumentet utan å vurdere om delar av det kunne vore offentleg. Dersom det aktuelle dokumentet inneheld ei grunngjeving for vedtaket, ei omtale av innstillinga eller liknande, vil det kunne gjerast unntak for desse delane av dokumentet på vanleg måte etter §25 fyrste ledd.

Formannskap 30.11.2015

Sak 111/15, 112/15, 116/15

Protokoll syner «møtet lukka i medhald av kommunelova §31.5 , offentleglova §23, forvaltningslova §13.2».

I alle desse sakene var dette ei orientering frå konstituert rådmann knytt til forretningsmessige forhold i ei stor utbyggingssak i Svemorka. Grunngjeving for lukking av møtet er den forretningsmessige dimensjonen og vern om interessene i ein forhandlingssituasjon, i saker om kjøp og sal og ved avtaleinngåing generelt.

Dette omhandla tungtvegande offentlege interesser og der opplysningar som kom fram er ein del av konkurransemessig betydning, og dermed er det viktig å halde desse hemmelig av omsyn til den det gjelde.

Desse sakane var diskutert og drøfta utan tilråding eller vedtak.

Møter i folkevalte organ skal som hovudregel haldast for opne dører, og det gjere ein også i Stranda kommune.

Ved lukking av dører skal avgjerda og heimele for avgjerda førast i møtebok. Dette er gjort i Stranda kommune, det vi må bli tydlegare på er å spesifisere kva nummer i kommunelova §31 ein nyttar som grunngjeving for lukking av møtet.

I tidlegare svarbrev til Fylkesmannen har kommunen lagt ved reglement knytt til lukking av møter. Vi har enno ikkje prioritert og hatt ein gjennomgang av dette reglementet. Eg som rådmann opplever at tilsette har god kunnskap i sakshandsamingareglane og vi plikter å ha god kunnskap om og bevisstheit kring sakshandsamingsreglane ved lukking av møter i folkevalte organ og reglar knytt til dokumentinnsyn. Dette vil vi kontinuerleg arbeide med for å bli betre.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Åse Elin Hole
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Fra: Åse Elin Hole[asehol@stranda.kommune.no]

Dato: 14. nov 2016 13.20.26

Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Tittel: Svar frå Stranda kommune i høve oppmoding om lovlegkontroll av møtelukking - Sunnmøringen

Se vedlagte saksdokumenter.



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

seniorrådgivar Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Vår dato
17.08.2016
Dykkar dato

Vår ref.
2016/2524/FRIE/323
Dykkar ref.

4

Stranda kommune
Øyna 13
6200 STRANDA

Stranda kommune - oppmoding frå Sunnmøringen om lovlegkontroll av vedtak fatta om møtelukking

Fylkesmannen viser til vedlagt e-post av 27.04.16 frå Sunnmøringen, der fylkesmannen blir oppmoda om å gjer ein lovlegkontroll av kommunens avgjerd om møtelukking i to saker.

Oppmodinga om lovlegkontroll gjeld følgjande saker:

- Formannskaps sak 040/16, tak Sunnylvn skule/samfunnshus
- Formannskaps sak 042/16, høgdebasseng Furset – val av tilbydar

Det følgjer av kommuneloven § 59, 1. ledd at avgjerd om møtelukking kan vere gjenstand for lovlegkontroll. Vidare følgjer det av § 59, 5. ledd at fylkesmannen på eige initiativ kan ta ei avgjerd opp til lovlegkontroll.

Før fylkesmannen gjer ei vurdering av om dei nemnte avgjerdene skal takast opp til lovlegkontroll, blir saka med dette lagt fram for kommunen. Fylkesmannen ber om at kommunen gjer greie for kvifor dei aktuelle møta vart halde for lukka dører, og korleis avgjerdene om møtelukking vart tekne. Ein ber om at dette vert gjort innan 17. september 2016.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Frida Farstad Brevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

E-post med vedlegg frå Sunnmøringen (datert 27.04.16)

Kopi:

Sunnmøringen (sendt per e-post)



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Åse Elin Hole

5

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Frida Farstad Brevik
Postboks 25
6404 MOLDE

Vår ref.: 15/1394-21

Dykkar ref.:

Arkiv: K1 - 041

Dato: 20.09.2016

Svar på klage om innsyn i dokument unnateke offentlegheit frå Sunnmørsingen

Stranda kommune viser til brev datert 17.08.2016, der Fylkesmannen ber Stranda kommune gjere greie for kvifor ein valte å lukke møtet i Formannskapsmøte 18.04.2016 under handsaming av sak 040/16, tak Sunnylvn skule og sak 042/16, høgdebasseng Furset, val av tilbydar.

Stranda kommune si vurdering av lukkinga av møter under handsaming av sak 040/16 var med bakgrunn i at det var snakk om avsetjing av midlar til tak Sunnylvn skule som skulle leggjast ut på anbod. Summen på kva ein kan forvente av kostnader vil kunne leggje føringar for kva anbudarane vil kunne leggje til grunn i sine utrekningar av kostnader. Såleis vart det vurdert å ikkje gå ut med desse talla offentleg.

Til opplysning vart det i budsjettendringssaka i sama møte opplyst summen, og såleis vart sak 040/16 behandla offentleg. Grunnlaget for u.off handsaming av sak 040/16 fall derfor bort. Ein ser no i ettertid at denne saka skulle ha vore handsama offentleg.

I sak 042/16 Høgdebasseng Furset, val av tilbydar.

Formannskapet gjorde dette vedtaket:

Vedtak samrøystes:

Møtet lukka i medhald av kommunelova § 31.5,
offentleglova §13/forvaltningslova 13.2.

Sakspapira omfatta anbodsdokument med prissamanstilling- dvs enhetsprisar, altså «forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår» sjå <http://lovdata.no/lov/1967-02-10/%C2%A713>

Ein ser no i ettertid at vi kunne handtert sak 040/16 på ein meir rydding måte. I sak 042/16 vart det gjort rett vurdering.

Vi har sett på rutiner for lukking av møter og vi skal legge opp til eit arbeidsmøte med politkarane i oktober for gjennomgang og tolking av reglement mellom anna knytt til lukking av møter.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Åse Elin Hole
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Kopi til:
Sunnmøringen AS



6

Sunnmøringen (sendt per e-post)

Stranda kommune - oppmoding frå Sunnmøringen om lovlegkontroll - møtelukking i møte den 18.04.16

Det vert vist til e-post av 27.04.16 med vedlegg frå Sunnmøringen. Sunnmøringen oppmodar Fylkesmannen om å gjennomføre ein lovlegkontroll etter kommunelova (koml.) § 59 for eit gjennomført møte i Stranda kommune. Møtet er gjennomført av formannskapet den 18.04.16 og to saker sto på saklista: sak 040/16 – tak Sunnlyven skule/samfunnshus og sak 042/16 – høgdebasseng Furset – val av tilbydar.

Sunnmøringen viser til at det er vedtatt møtelukking ved behandlinga av begge sakene. Prosedyrereglane for møtelukking er ikkje nytta. Møtet blei lukka med tilvising til koml. § 31 nr. 5. Sunnmøringen meiner at kommunen ikkje har rettsleg heimel for å lukke møtet ved behandlinga av desse sakene.

Fylkesmannen har i brev av 17.08.16 bedt kommunen om å gjere greie for kvifor dei aktuelle møta vart halde for lukka dører, og korleis avgjerdene om møtelukking vart tekne.

Kommunen har i brev av 20.09.16 gjort greie for at grunnlaget for å lukke møtet ved behandlinga av sak 040/16, ikkje var til stades og at saka skulle ha vore behandla i ope møte. Når det gjeld sak 042/16 meiner kommunen at det er gjort rett vurdering.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen har ikkje ein alminneleg instruksjons- eller kontrollmynde overfor kommunen. Fylkesmannen sin moglegheit til å kontrollere kommunen sine vedtak vil derfor vere avgrensa til dei tilfella der Fylkesmannen er tillagt mynde direkte i lov. Koml. § 59 gir Fylkesmannen ein heimel til å kontrollere kommunale avgjerder. Som hovudregel skal ein slik lovlegkontroll skje etter at tre eller fleire kommunestyremedlemmar set fram eit krav om slik kontroll jf. koml. § 59 nr. 1. I enkelte tilfelle kan Fylkesmannen av eige tiltak ta ei avgjerd opp til lovlegkontroll med heimel i koml. § 59 nr. 5. I forarbeida er det vist til at ordninga med lovlegkontroll av eige tiltak ikkje skal nyttast til å gjennomføre noko som liknar ein automatisk lovlegkontroll. Det er derfor understreka at det bør vere betydeleg usikkerheit ved ei avgjerd si gyldighet dersom mynde til å gjennomføre lovlegkontroll på eige initiativ skal nyttast. Eit viktig utgangspunkt for vurderinga av om Fylkesmannen skal ta

opp ei sak til lovlegkontroll, er derfor at mynde etter koml. § 59 nr. 5 berre skal nyttast i særlege høve, når det av omsyn til den enkelte eller samfunnet er nødvendig.

Fylkesmannen er einig med Sunnmøringen i at møteoffentlegheitsprinsippet i koml. § 31 er eit utslag av eit grunnleggande demokratisk prinsipp og at det skal bidra til å sikre innbyggjarane moglegheit til å utøve innflytelse på politiske slutningsprosessar samt styrke tilliten til det politiske system. Unntak frå møteoffentlegheitsprinsippet krev heimel i lov. Kommunen har i sitt brev erkjent at dei ikkje hadde heimel til å lukke møtet ved behandlinga av sak 040/16. Kommunen er såleis kjent med at det ligg føre brot på kommuneloven sine reglar. Kommunen opplyser at dei skal sjå nærare på deira rutinar for lukking av møter og reglane for møtelukking vil bli gjennomgått no i oktober.

Fylkesmannen finn ut i frå kommunen sitt brev og etter ei heilskapleg vurdering av saka, ikkje grunnlag for å ta denne saka opp til lovlegkontroll av eige tiltak.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Frida Farstad Brevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Stranda kommune Øyna 13 6200 STRANDA

7

Til Kommunestyret i Stranda kommune

Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Stranda 8/2-2016.

Kopi:

Kontrollutval og revisjonen.

KLAGE TIL KOMMUNESTYRET I STRANDA KOMMUNE.

KLAGE TIL FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL.

Viser til vedlagt svar frå rådmannen i Stranda kommune, ang mitt krav om å få kopi av inngått avtale mellom Stabburet og "kommunen". Denne avtalen vart omtalt av advokaten som hadde ein presentasjon ang saka for nytt VA anlegg, Svemorka til Furset i kommunestyremøtet den 26/1-2016.

Rådmannen svara også på mitt brev av 22/11-2015 til dåverande rådmann, om innsyn i dokument og kommunikasjon ang same sak, med krav om utlevering og innsyn til hovudutvalet MK som har dette ansvarsområdet jamf vedtekne reglement.

Svaret frå rådmannen kjem elles her lenge etter frist for å svare på ei slik krav om innsyn, noko som i seg sjølv er kritikkverdig og ikkje i tråd med lova.

I svaret frå rådmannen får verken eg eller andre i kommunestyret/formannskap eller hovudutvala innsyn i denne avtalen. Vi får heller ikkje innsyn i referata av møter med Stabburet as eller andre bedrifter, der rådmannen forsøker å framføre at dette er såkalla "ARBEIDSMØTER".

Rådmannen skriv: sitat:

- «Bakgrunnen for avtala er som fylgje av eit av arbeidsmøta, der ordførar, økonomisjef samt representantar frå Orkla var til stades».

-Sitat slutt,,,

Rådmannen skriv vidare som argument for å hindre innsyn i denne avtalen samt kommunikasjonen mellom kommunen og bedrifta,

Sitat:

- «kan organet gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har innhenta frå eit underordna organ til bruk i den interne saksførebuinga si. Det same gjeld dokument som eit departement har innhenta frå eit anna departement til bruk i den interne saksførebuinga si». -sitat slutt.

Når vart Stabburet as eit underordna organ ???

Dette kan ikkje aksepterast på nokon som helst måte, då det kun er folkevalt organ som kan godkjenne avtalar i kommunen eller rådmannen etter delegasjonsreglementet. Det er også slik at dei folkevalte organa i kommunen må kunne følgje med på kva rådmann, ordførar eller andre har av kontakt, møter osv med private bedrifter gjeldande konkrete saker.

Den omtalte avtalen med Stabburet gjelder forhold ikring behovet for ekstra brannvatn.

Denne saka og bestilling av dette anbudet er vedteke gjennomført i kommunestyrevedtak den 16/12-2015, i sak 130/15, der det står i punkt 1, sitat:

" Kommunestyret ber om å få framlagt sak knytt til anbud for nytt høgdebasseng og kjerneboring gjeldande tilførselsvatn til mellom anna Svemorka industriområde . -Sitat slutt.

Denne saka har ikkje seinare vore til behandling i kommunestyret, og ingen, absolutt ingen har gjeve verken rådmann eller ordførar noko som helst mynde til å inngå nokon som helst avtale med Stabburet as ang denne saka.

I reglementet til formannskapet av kommunestyresak 070/15, står følgjande:

-sitat:

Formannskapet er teknisk plan og bygningsnemnd for alle bygge og investeringsprosjekt som ikkje er lagt under fast plan og byggenemnd, også gjeldande anbud og kontraktsinngåing.

-sitat slutt.

Dette betyr, at kommunestyret har bestilt eit anbud for bygging av nytt vassanlegg med høgdebasseng og at denne saka skal til kommunestyret. Det er formannskapet som er byggenemnd, og har ansvaret for prosjektet både gjeldande anbudsutforming og korleis dette skal handterast ang økonomi og gjennomføring.

At ein eller anna, rådmannen eller ordførar eller andre, har inngått ein avtale med ei privat bedrift Stabburet as ang dette prosjektet, FØR kommunestyret har fått saka til behandling, og heilt utan at formannskapet har behandla saka som rettmessig byggenemnd, kan aldri aksepterast !

At rådmannen då meiner at ein slik avtale, slike forhandlingsmøter med ei privat bedrift, er det same som "førebuinge saksbehandling" og at ein avtale kan tydeligvis inngåast med ei bedrift i eit såkalla "ARBEIDSMØTE" lenge før saka er bestilt og heilt utan mandat og forankring i politiske vedtak, er totalt uråd å forstå.

*- Har aldri opplevd noko liknande, og kvifor skal denne avtalen vere hemmelig?
Hemmelig for alle andre enn rådmannen, administrasjonen og ordførar ?*

At ein slik avtale, slike forhandlingar med referat skal vere "hemmelige" er så fundamentalt på jordet og aldeles utanfor demokratiske prinsipp, at eg sjeldan har opplevd maken.

Dersom eg som kommunestyremedlem, formannskapsmedlem, eller folkevalte organ som MK, Formannskapet og kommunestyret ikkje kan få innsyn i den omtalte avtalen og møtereferat frå forhandlingar med bedrifter, ja då har demokratiet spelt fallitt og vi har ingen ting i eit folkevalt system å gjere i Stranda kommune.

Eg viser til mitt brev av 22/11-2015 til rådmannen, der eg krev at kommunikasjon mellom administrasjon, ordførar og Stabburet as, vert dokumentert og lagt fram for det folkevalte organet utvalet for Miljø og Kommunalteknikk i Stranda kommune.

Dette med bakgrunn i saka ang anbod for ny VA anlegg frå Svemorka til Furset, men og med bakgrunn i at Stranda kommune har lagt ned mange titals million kroner i grunnlagsinvesteringar gjennom eigen reguleringsplan, ny tilkomstveg, tomt, og tekniske anlegg som tilrettelegging for utbygginga til Stabburet as i området. Bygga er oppe, og det meste på plass, utan at til dømes refusjonsgrunnlaget er på plass, noko som etter lova skulle vore på plass **før** byggeløyvet vart gjeve. Ikkje veit vi folkevalte kva partane i området skal betale for verken tomt, refusjon osv. Det einaste vi veit er at det har vore fleire forhandlingsmøter mellom selskapet og ordførar/varaordførar og administrasjon, utan at noko ikring dette har vorte lagt fram for kommunestyret.

Innsyn vert her avslått av rådmannen, og eg ankar denne avgjerda til kommunestyret, med bakgrunn i at kommunestyret er kommunens sitt øvste kontrollorgan jamf kommunelova § 76 , og eg ankar dette også vidare til fylkesmannen.

Eg ankar også til kommunestyret og fylkesmannen, mitt krav om innsyn i omtalt avtale som ein eller anna i Stranda kommune ulovleg har inngått med Stabburet as, jamf informasjon frå innleidd advokatfirma og synliggjort i kommunestyremøtet den 26/1-2016. Eg vil også her ha innsyn i eventuelle avtalar og kommunikasjon som er gjennomført med Stabburet as ang refusjon, tomt osv.

Eg ber også som kommunestyremedlem og som formannskapsmedlem i Stranda kommune, at kontrollutvalet granskar dette.

Kontrollutvalet vil uansett kunne hente ut ALT av informasjon ikring desse sakene, alle avtalar, brev, e-postar osv har kontrollutvalet og revisjonen rett til å få tilgang til. Dette jamf kommunelova sin § 77.

Viser elles til kommunestyret sitt vedtak i sitt møte den 3/2-2016, i interpellasjon sak 020/16, Manglande offentlegheit.

Kommunestyret vedtok at kontrollutvalet skal gjennomføre ein gjennomgang av kommunen sin praksis innan saksfeltet, samt vedtak i sak 019/16 der kommunestyret ber kontrollutvalet granske heile prosessen og innhaldet i saka ang nytt VA anlegg Svemorka- Furset.

helsing.

Frank Sve
Gruppeleiar
Stranda FrP.

Fra: Åse Elin Hole[AseHol@stranda.kommune.no]
Dato: 15. apr 2016 08.39.50
Til: Kosberg, Bente Thornes
Tittel: klage om innsyn

8

Hei

For ei god tid tilbake tok du kontakt pr. telefon i høve brev frå Frank Sve og klage på manglande innsyn i kommunal dokument.

Eg har enno ikkje hatt tid til å prioritere denne klaga, og det er sjølvsagt beklageleg i høve Forv.lova og plikt til å svare.

No er det slik at klagen som gjaldt dokument knytt til ei enkeltsak no er løyst og vi er i gang med oppdraget.

Dette til din informasjon.

Med venleg helsing

Åse Elin Hole
Rådmann
Stranda kommune
asehol@stranda.kommune.no
46411002

9

Fra: Åse Elin Hole[AseHol@stranda.kommune.no]
Dato: 26. apr 2016 14.27.52
Til: Kosberg, Bente Thornes
Tittel: SV: svar til FS

Hei og tusen takk for svar!
Eg skal prioritere og ta meg tid til å gi eit svar – sjølv sagt. Takk for nyttig informasjon.

Med venleg helsing

Åse Elin Hole
Rådmann
Stranda kommune
asehol@stranda.kommune.no
46411002

Fra: Kosberg, Bente Thornes [<mailto:fmmrbeth@fylkesmannen.no>]
Sendt: 26. april 2016 13:49
Til: Åse Elin Hole
Emne: SV: svar til FS

Hei og beklager sen tilbakemelding.

Når det gjelder rett til innsyn er dette først og fremst regulert gjennom offentleglova, som også vil gjelde for folkevalgte. Folkevalgte vil likevel kunne ha en viss innsynsrett ut over det som offentleglova hjemler. Folkevalgtes innsynsrett er ikke detaljregulert i kommuneloven, men det følger av koml. § 40 nr. 5 at kommunestyret selv skal «fastsette et reglement for de folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling». For øvrig har departementet sagt litt generelt om folkevalgtes innsynsrett i veileder H-2142 som du finner her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/publikasjonsnummer-h-2142/id270568/>

Ut over dette kan jeg ikke gå noe inn på den konkrete saken. Håper likevel dette kan være til hjelp.

Med vennlig hilsen

Bente Thornes Kosberg
seniorrådgivar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520, 6404 Molde
Tlf.: 71 25 84 78
E-post: bente.thornes.kosberg@fylkesmannen.no
Web: www.fylkesmannen.no/mr

Fra: Åse Elin Hole [<mailto:AseHol@stranda.kommune.no>]
Sendt: søndag 17. april 2016 11.52
Til: Kosberg, Bente Thornes <fmmrbeth@fylkesmannen.no>
Emne: svar til FS

Hei nok ein gong.
Gløynde å skrive i tidlegare sendt e-post at eg er usikker på loveheimelsgrunnlaget og korleis eg skal formulere meg i dette svaret. Eg har ikkje vore opp i liknande saker, kan du gi nokre råd? Eller er det vanskeleg sidan du også skal handtere klaga.

Takksam for rettleiing!

Mvh

Åse Elin Hole

Rådmann

Stranda kommune

46411002

Notat IG/22.02.16. Oppdatert 17.04.16. Oppdatert 24.09.16.

Manglande offentlig innsyn

Stranda kommunestyre gjorde i sak 020/16 Interpellasjon frå Frp dette vedtaket:

Kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ei vurdering av korleis meiroffentlegheit vert praktisert i Stranda kommune, og om gjeldande lovverk vert behandla rett for lukking av møte samt grunnlaget for å gjere dokument og informasjon u-off.

Interpellasjonen fremja av gruppeleiar Frank Sve, lydde slik:

«I lengre tid har vi opplevd meir og meir lukking av møter og saksbehandling i Stranda kommune. Sunnmøringen har også sett stor fokus på dette samt klaga inn til fylkesmannen fleire forhold ikring manglande offentlegheit i Stranda kommune.

Vi har ved fleire anledninga opplevd at dokument i saker som openbart skal vere offentlige, vert lagt ut på postlister eller i saksdokumenter, for så litt seinare å verte trekt attende og endra til U-off., heilt utan grunnlag og med gyldig lovgrunnlag. Også mange saker vert lukka, som sannsynlegvis ikkje har lovheimel for å kunne lukkast.

Ja, vi andre politikarar kunne reagert og sett oss imot slik lukking, men dette er ikkje alltid like lett å vere trygg på der og då i møtet.

Som utgangspunkt er alt offentlig i dagens kommunale forvaltning, og ein skal ha ein lovmessig grunn for å kunne lukke eit møte eller hindre offentlegheit av dokument og anna offentlig informasjon.

Innbyggjarane og næringslivet har krav til å kunne følge med den kommunale forvaltninga. Saker som til dømes omfattar større investeringar har sjølvstundt stor offentlig interesse.

Før jul hadde vi til dømes ei sak ang bygging av ny avløpsleidning frå Svemorka til Furset samt behovet for meir vatn til blant anna Stabburet. At store delar av ei slik sak skal verte behandla u-off., og store delar av denne debatten behandla i lukka rom, er rimeleg håplaust.

Det er klart at ei sak om å drøfte prioritering og grunnlaget for å bruke fleire titals million kroner i kommunen skal vere offentlig, det skulle berre mangle.

Eg ynskjer ein debatt i kommunestyret om kva som skal til for å kunne lukke eit møte, ei sak, eller hinde offentlig innsyn i saksdokument.

Vi må som det øvste politiske organ kunne gje dei føringane til vår administrasjon samt ivareta vårt eige lovverk, kommunelov, offentliglova, og forvaltningslova på ein rett måte, og slik at innbyggjarane får mest mulig innsyn og medverknad i den kommunale forvaltninga.

Eg ber såleis om at alle brev til kommunen frå Sunnmøringen ang krav om innsyn samt lovlegkontrollane, vert sett søkelys på. Ikkje for å absolutt «ta nokon» men for at vi alle både politikarar og administrasjon kan lære av dette og bli enda betre til å bruke lovverket slik det er tenkt.

Kommunestyret har eit eige kontrollorgan, kontrollutvalet. Dette organet skal påsjå at den kommunale forvaltninga vert gjennomført av administrasjonen på ein rett måte, og at vedtak vert gjennomført på ein lovlig måte.

Eg fremmar med bakgrunn i dette følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ei vurdering av korleis meiroffentligheit vert praktisert i Stranda kommune, og om gjeldande lovverk vert behandla rette for lukking av møter samt grunnlaget for å gjere dokument og informasjon u-off.»

Kommentar

Av debatten i kommunestyret, som er tilgjengeleg på WebTV^{*)} på kommunens heimeside, går det fram at både ordførar og interpellant var samde om at kontrollutvalet bør avvente si behandling av saka til fylkesmannen har svara på oppmodinga frå Sunnmøringen om lovlegkontroll av fleire konkrete saker vedkomande lukking av møte^{**)}.

Dette bør vel også gjelde klage sendt kommunestyret og fylkesmannen frå Frank Sve om avslag på innsyn i dokument vedkomande avtale mellom Orkla og kommunen om høgdebasseng^{***)}.

Fylkesmannen har i brev datert 18. februar bedt kommunen om å gjere greie for kvifor dei aktuelle møta vart halde for lukka dører, og korleis avgjerdene om lukking vart tekne. Fylkesmannen bad om svar innan 11. mars. Deretter vil fylkesmannen ta avgjerd om lovlegkontroll. Kontrollutvalet bør då avvente ei generell vurdering av kommunens praktisering av offentleg innsyn til heile klageprosessen er avslutta.

Advokat Kvammen og eg hadde eit møte med rådmann Åse Elin Hole 21. april, der det vart opplyst at kommunen per 21.04.16 ikkje hadde gitt noko svar til fylkesmannen. Ho hadde hatt kontakt med fylkesmannen og sagt at ho hadde behov for å bruke noko meir tid på å gi eit svar. Frå vår si side bad vi om å bli informert om den vidare utvikling i saka. Eg kan ikkje sjå av postlistene fram til i dag (24.09.16) at kommunen har svara fylkesmannen. Heller ikkje at fylkesmannen har purra.

Nokre dagar etter vi hadde teke opp saka med rådmannen, sende Sunnmøringen 27. 04.16 ei oppmoding til fylkesmannen om lovlegkontroll av ei ny møtelukking i to saker i formannskapet, sak 040/16 og 042/16^{****)} Fylkesmannen har i brev datert 18.09.16 bedt om kommunens grunngjeving for lukking, før fylkesmannen tek avgjerd om lovlegkontroll^{****)}. Kommunen vart gitt frist til 17. september for svar, og rådmannen svarar innan denne fristen (brev datert 20.09.16)^{****)}. Det er no opp til fylkesmannen å vurdere om det er grunnlag for lovlegkontroll i desse sakene.

Førebels konklusjon:

Kontrollutvalet avventar fylkesmannens avgjerd om det blir gjennomført lovlegkontroll av konkrete lukkingsvedtak som Sunnmøringen har bedt om. Vidare vil vi avvente fylkesmannens behandling av klagesaka om avslag på innsyn i dokument vedkomande avtale mellom Orkla og kommunen om høgdebasseng^{*}).**

Når dette er på plass utarbeider vi ei sak i samsvar med kommunestyrevedtaket. Ei sak som gir ei samla vurdering av kommunens praktisering av offentlig innsyn, inkludert eventuelle forslag til tiltak som bør igangsettast.

*)Val på hovudside WebTV =>Kommunestyremøte 03.02.2016=> Interpellasjon frå Frp

**) E-post frå Renate Henriksen-Sandvær 8. desember 2015

***) Dokument: Klage til kommunestyret og fylkesmannen

****) Dokument vedlagt

Advokat Kjetil Kvammen

Fra: Åse Elin Hole <AseHol@stranda.kommune.no>
Sendt: 1. november 2017 20:21
Til: Advokat Kjetil Kvammen
Kopi: Evelyn Omenås
Emne: SV: Stranda kontrollutvalg - anmodning om uttalelse
Vedlegg: Stranda kommune - Oppmodning om lovlegkontroll - Møtelukking (L) (335054).pdf; e-post FS2017.pdf

Til Kjetil Kvammen

Viser til e-post, der eg som rådmann har høve til å kome med uttale i samband med notat som grunnlag for ein rapport til Stranda kontrollutval, datert 20.09.2017.

I notatet er det vist til vedtak i kommunestyre i sak 020/16:

«Kommunestyre ber kontrollutvalet gjennomføre ei vurdering av korleis meiroffentlegheit vert praktisert i Stranda kommune, og om gjeldande lovverk vert behandla rett for lukking av møte samt grunnlaget for å gjere dokument og informasjon u-off.»

Bakgrunnen for vedtaket er ein interpellasjon frå Frp, lovlighetsklager frå lokalavisa Sunnmøringen og lovlighetsklage frå folkevald representant Frank Sve.

Notatet skildrar manglande svar i høve tidsfristar og manglande svar på e-postar tilbake til november 2015 og fram til februar 2016. Notatet seier også noko om den korrespondanse som har vore mellom Fylkesmannen ved Bente Thornes Kosberg og rådmann i samband med manglande handsaming av klage frå folkevald representant Frank Sve.

Tilbakemelding på dette notatet er kort og med bakgrunn i 2 vedlegg til denne e-posten.

I høve punkt 3 i notatet – lovlighetsklager frå lokalavisa Sunnmøringen, viser til vedlagt svar frå Fylkesmannen datert 25.10.2017.

I høve punkt 4, viser eg til sendt e-post til folkevald representant Frank Sve datert 14.02.2017.

Eg har ikkje noko meir å tilføye enn det som framgår av svaret frå Fylkesmannen, og avklaring på manglande svar til folkevald som vist til i e-post datert 14.02.2017.

Eg har fokus på no –tid og det å endre rutinar, samt vidareutvikle og betre den gode praksis som kommunen har per dags dato.

Med venleg helsing

Åse Elin Hole
Rådmann
Stranda kommune
asehol@stranda.kommune.no
46411002



Fra: Advokat Kjetil Kvammen [mailto:advokat@kvammen.no]
Sendt: 16. oktober 2017 14:00
Til: Åse Elin Hole
Kopi: 'Harald Rogne (harald.rogne@sksiks.no)'
Emne: Stranda kontrollutvalg - anmodning om uttalelse

Stranda kommune
Rådmannen

Att.: Rådmann Åse E Hole

Hei

I en overgangsfase er jeg delvis stedfortreder for daglig leder i sekretariatet.

Som grunnlag for en forestående behandling i Stranda kontrollutval har jeg utarbeidet notat ferdigstillet 20.09.d.å.. Det foreløpige notatet med vedlegg følger **vedlagt**.

Jeg viser til kommuneloven § 77 nr. 6 og ber om Deres mulige uttalelse.

Det var ønskelig med svar så snart som mulig.

Mvh

for
SKS IKS

Kjetil Kvammen



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

seniorrådgivar Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78

Vår dato

25.10.2017

Dykkar dato

Vår ref.

2015/7347/BETH/323

Dykkar ref.

STRANDA KOMMUNE	Saksb. ASEHOL
31 OKT 2017	
Arkivnr. 15/1394-30	Journalp. 17/10046

Stranda kommune

Øyna 13

6200 STRANDA

Stranda kommune - oppmoding om lovlegkontroll - møtelukking

Fylkesmannen viser til e-post av 08.12.15 frå Sunnmøringen, der fylkesmannen blir oppmoda om å gjennomføre lovlegkontroll av fleire saker om møtelukking. Stranda kommune vart i denne samanheng bedt om å gjere greie for tilhøva rundt møtelukkinga i dei aktuelle sakene.

Kommunen har i brev av 14.11.16 gjort greie for grunnlaget for møtelukking i dei aktuelle sakene samt saksbehandlinga knytt til dette.

Fylkesmannens merknader:

Fylkesmannen har ikkje noko alminneleg instruksjons- eller kontrollmynde overfor kommunen. Etter kommuneloven § 59 kan likevel fylkesmannen kontrollere lovlegheita av kommunale avgjerder. I utgangspunktet kan dette skje dersom det blir sett fram krav om dette frå tre eller fleire kommunestyremedlemmer, jf. koml. § 59 nr. 1. I enkelte tilfelle kan likevel fylkesmannen ta opp ei sak til lovlegkontroll av eige tiltak, jf. § 59 nr. 5. I forarbeida er det vist til at ordninga med lovlegkontroll av eige tiltak ikkje skal nyttast til å gjennomføre noko som liknar ein automatisk lovlegkontroll. Det bør hefte usikkerheit ved om avgjerda er gyldig før myndet til å gjennomføre lovlegkontroll blir nytta. Eit viktig utgangspunkt for vurderinga av om fylkesmannen skal ta opp ei sak til lovlegkontroll, er difor at mynde etter koml. § 59 nr. 5 berre skal nyttast i særlege høve, når omsynet til den enkelte eller samfunnet tilseier det.

Utgangspunktet etter kommuneloven § 31 er at møte i folkevalde organ er opne for alle. Lukking av møte krev særskilt heimel, vedtak og grunngjeving. Folkevalde organ kan difor berre lukke sine møte i dei tilfella der lova uttrykkeleg påbyr eller gir høve til dette. Kommuneloven § 31 nr. 2 -5 gir nærare reglar for i kva tilfelle lukking av møte kan eller skal skje. Vidare er det i § 31 a gitt reglar for prosedyre knytt til møtelukking, der det går fram at avgjerd av om møte skal lukkast, skal skje gjennom i avstemming i opent møte. Det følgjer vidare av § 30 nr. 4 at avgjerd om møtelukking skal førast i møteboka og heimelen for avgjerda skal gå fram.

For alle sakene er det i møteprotokollen vist til at møtet vart lukka i medhald av kommunelova § 31 nr. 5, med ulike tilvisingar til offentleglova. I si utgreiing i samband med denne saka har likevel kommunen vist til at ein i nokre av sakene burde ha nytta andre heimlar for møtelukking, mellom anna § 31 nr. 2 og nr. 3. Kommunen erkjenner elles at ein må bli tydelegare på å spesifisere kva nummer i kommunelova § 31 ein nyttar som grunngeving for lukking av møte. Kommunen har vidare gjort nærare greie for kva dei aktuelle sakene gjaldt og kvifor desse vart behandla i lukka møte, og fylkesmannen finn ut frå dette ikkje grunn til å tru at avgjerdene om møtelukking ikkje er innhaldsmessig lovlege.

For to av sakene som er teke opp frå klagar si side blir det vist til at prosedyrereglane om avstemming ikkje er følgde. Dette gjeld sakene der kommunen har vist til at heimelen for møtelukking var § 31 nr. 2 eller 3. Fylkesmannen viser i denne samanheng til at det går fram av desse føresegnene at organet «skal vedta» å lukke eit møte når vilkåra for dette er oppfylt. Sjølv om organet har ei plikt etter lova til å lukke møtet i denne typen saker, skal det såleis treffast eit formelt vedtak om lukking, der avstemminga skal skje i ope møte, jf. § 31a nr. 1. I og med at det i desse sakene var ei lovbestemt plikt til å lukke møta, kan fylkesmannen ikkje sjå at dette kan ha hatt innverknad på avgjerd om møtelukking, sjølv om det skal ha skjedd brot på prosedyrereglane.

Fylkesmannen finn ut i frå kommunen si utgreiing og ei heilskapleg vurdering av saka, ikkje grunnlag for å ta denne saka opp til lovlegkontroll av eige tiltak.

Fylkesmannen seier seg lei for at det har tatt lang tid å behandle denne saka.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Bente Thornes Kosberg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Sunnmøringen (e-post sendt)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Åse Elin Hole

Sendt: 14. februar 2017 16:24

Til: 'Frank Sve'

Kopi: Evelyn Omenås

Emne: SV: Ang kontrollutvalssak og kommunestyresak 003/17 Prosessen VA-anlegg og veg Svemorka

Til kommunestyrerepresentant og Gruppeleiar Stranda FrP, Frank Sve

Viser til e-post under der De etterlyser svar på tidlegare brev og e-postar knytt til prosessen VA - anlegg og veg Svemorka. Etter samtale med deg i går 13.02.2017, fekk eg tilbakemelding på at dei svar De etterspør i e-posten ikkje lenger er aktuelle. Dette fordi kontrollutvalet har overlevert sin rapport og sin innstilling til kommunestyre som igjen har gjort vedtak i saka. Administrasjonen arbeider no med dei rutiner, prosedyrer og tiltak som skal til for å endre og forbetre praksis innanfor dei ulike fagfelta, og for å ivareta og støtte krav gitt i internkontrollføreskrifta og kommunelova §23.

Dersom noko framleis er uklart så gjer vel å ta kontakt.

Eg takk for velviljen.

Mvh

Åse Elin Hole

Rådmann

Stranda kommune.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Frank Sve [<mailto:f.sve@icloud.com>]

Sendt: 19. januar 2017 22:19

Til: Åse Elin Hole; Jan Ove Tryggestad

Kopi: Inge Gjærde; Ole Jorgen Sve; Dag Braseth; Torill Ansnes Hoel; Martin Bostrøm; Bjørn Arild Hatlem; Redaksjonen Smp; Sunnmøringen Sunnmøringen; MR NRK; komrev3@komrev3.no; Frank Sve

Emne: Ang kontrollutvalssak og kommunestyresak 003/17 Prosessen VA-anlegg og veg Svemorka

Til Rådmann i Stranda kommune

Frå kommunestyrerepresentant

Frank Sve

Gruppeleiar Stranda FrP.

Viser til framlagd rapport frå kontrollutvalet ang gransking av prosessen ikring VA-anlegg og veg Svemorka jamf sak 003/17.

Dette er svært alvorleg lesing, og det er nesten ikkje til å tru det som skjem fram i denne granskingsrapporten frå revisjonen og kontrollutvalet.

Eg har følgjande krav til Rådmannen i Stranda kommune:

- * Eg skal ha fullt innsyn i all korrespondanse, brev, e-postar og referat, mellom Stranda kommune, og Orkla i åra 2015 og 2016, gjeldande all administrasjon og frå ordførar.
- * Eg skal ha innsyn i avtalar mellom Stranda kommune og Orkla, og journalføringa av dette.

Rådmannen skriver i sitt tilsvaret til revisjonen den 09.06. 2016 følgjande, sitat :

""Vedrørende innsynsrett i saksdokument bemerker hun:

«Eg ser no i ettertid at Frank Sve har rett til å få innsyn i dei dokument som han har etterspurt som medlem i eit folkevalt organ og med rett til utvida innsyn i taushetsbelagte opplysningar og interne

dokument knytt til den eksplisitte saka. Det er beklageleg at det har teke så lang tid å få dette på plass.»

Sitat slutt. (står på side 36 i rapporten frå revisjonen)

Spørsmålet er korleis i all verdens rike, det kan har seg at eg enda IKKJE, den 19 januar 2017, har fått noko som helst av det som rådmannen beskriver som beklagelig ikkje er på plass den 9 juni 2016, og som feilaktig vert framstilt som "PÅ PLASS", til revisjonen og kontrollutvalet. Dette er omtalt på side 36 i rapporten frå revisjonen.

Eg har også verkeleg spørsmål om kvifor rådmannen ikkje har sett fram sak ang min klage, når rådmannen fekk opplysning frå fylkesmannen den 19/2-2016 om at kommunen måtte behandle min innsynsbegjering før fylkesmannen kunne behandle dette. No er det snart eit år sidan dette skulle vore gjennomført, og eg meiner rådmannen bør ha ei " rimeleg god forklaring" på dette.

dette er omtalt i rapporten på side 37 i rapporten frå revisjonen.

Vidare har eg bedt om kopi av vedtak i folkevalgt organ, som har gjeve ordførar fullmakt til å inngå noko som helst avtale med Orkla.

-Kopi av dette skal eg også ha.

Avtalen som er inngått, har sett kommunestyret på sidelinja og refusjon er IKKJE betalt på nokon som helst måte jamf det som er synliggjort i rapporten, men eit anleggsbidrag på 3,6 mill kr er tilkome til høgdebassenget, og til kommunens investeringsprosjekt 6088 Vatn/avløp Sve-Berge, jamf same summen som dersom Orkla på eigen kjøp skulle bygge sitt eige høgdebasseng.

- dette er omtalt på side 22 i rapporten frå Revisjonen.

Refusjon frå teknisk anlegg ang veg, vatn og kloakk ang opparbeiding av dette i samanheng med fryselageret osv til Orkla, ville vere slik eg har oppfatta dette og som står omtalt i rapporten, på omlag 1/3 av ca 28 mill kroner, og det kjem ikkje fram av rapporten frå revisjonen og kontrollutvalet at noko ang dette er betalt av Orkla.

Det er derimot inngått ein avtale mellom Ordførar og Orkla den 18 september 2014. som beskriver korleis dette skulle skje, utan at dette på nokon måte er politisk behandla, eller følgt opp av ordførar/rådmann.

Det er også fakta at underteikna og andre ved fleire anledningar både i formannskapet og kommunestyret har etterlyst refusjonsak ang Orkla, utan at dette har vorte teke fatt i.

Spørsmålet til rådmannen er om det er teke initiativ til drøftingar med Orkla for å få dei til å betale sin andel av refusjonen jamf avtalen mellom ordførar og Orkla av 18/9-2014, eller om desse pengane er å ansjå som tapt for Stranda kommune.

Videre har eg følgjande spørsmål:

Kva har rådmannen til kommentar på revisjonen sin rapport, jamf følgjande avdekking av brot på lover og kommunale lover/reglement i granskingsrapporten frå revisjonen ?

- * Svikt i internkontroll- manglande utlysing av anbod.
- * Oversitting av vedståelsesfrist som er sett av kommunen sjølv.
- * Svikt i klagesaksbehandling.
- * Brudd på offentleglova i anskaffelsesprosesser.
- * Manglande saksinformasjon til Folkevalgt organ.
- * Ugyldig avlysing av anbudskonkurranse.
- * Brot på kommunelova, ang møte og møteprotokoll.
- * Manglande oppdragsavtaler og kontraktsdokument.
- * Manglande systematisk byggherrekontroll.
- * Tap av rett til refusjon etter plan og bygningslova.
- * Brot på kommunens reglement om innsynsrett frå folkevalgt.
- * Manglande behandling av klage etter offentleglova.
- * Brudd på reglane for god saksbehandlingsskikk.
- * Uklare administrative ansvarsforhold.

Dette er omtalt på side 37-38 og 39 i rapporten frå revisjonen .

Til slutt vil eg vite kva politisk vedtak rådmannen og administrasjonen hadde, til å bruke KR 110 344,- på advokathjelp, MOT sitt eige kommunestyre/kontrollutval osv ?

- dette er omtalt på side 31 i rapporten frå revisjonen.

Frank Sve

Kommunestyrerepresentant

Gruppeleiar Stranda FrP.

Sendt fra min iPad

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 07.11.2017

SAK 10/17
KOMMUNEREKNESKAPEN PR. 2. TERTIAL 2017

Vedlagt følger økonomirapport med samla oversikt.

Økonomirapporten vart den 19.10.2017 behandla i kommunestyret under sak 069/17 med slikt vedtak:

- «1. Økonomirapport for Stranda kommune per 2. tertial 2017 vert teken til vitande.
2. Rådmannen vert gitt fullmakt til å justere budsjett 2017, for kvar einskild eining, tilsvarende skilnaden mellom budsjetterte pensjonskostnader for året og faktiske pensjonskostnader for året.»

Som oversikta viser, er det venta eit mindreforbruk på vel 3 millionar kroner for 2017.

I tråd med forpliktande plan dekker kommunen i 2017 inn 6 millionar kroner av akkumulert meirforbruk.

Usikkerheita i forhold til budsjett 2017 gjeld pensjonskostnadene.

Vidare vil rammeoverføring på totalt 6,9 millionar kroner falle bort i 2018 som følgje av at Stranda kommune har vald å stå åleine, utan å slå seg saman med andre kommunar, jfr. kommunereforma.

Samstundes med tertialrapporten var det vedteke budsjettendringar i samsvar med framlegg.

Saka vert lagd fram for kontrollutvalet med følgjande forslag til

v e d t a k :

Økonomirapport 2. tertial 2017 vert teken til orientering.

Kjetil Kvammen
sakshandsamar

STRANDA KOMMUNE



ØKONOMIRAPPORT

2. TERTIAL 2017

SAMLA OVERSIKT

Ansvar:	Eining:	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opphavleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017 jan-aug	Prognose 2017 jan-des	Prognose Avvik i.f.t. Budsjett
1010-1011	POLITISK LEIING/RÅDMANNSKONTORET	13 542 488	7 826 703	7 962 344	11 685 194	15 044 339	7 081 995
1020,1021,1023,1030	ØKONOMI/PERSONAL/IKT/SERVICEKONTORET	12 178 583	13 066 159	13 257 269	9 866 728	13 051 306	-205 963
1022	FAG	15 537 789	16 753 292	16 780 768	11 682 623	16 740 768	-40 000
1040	LØNNSPOTT	-	3 657 779	-	-	-	-
2010	RINGSTAD SKULE	23 405 481	23 393 069	23 738 323	15 325 791	23 472 323	-266 000
2020	SUNNYLVEN SKULE	8 944 516	9 159 315	9 300 705	5 946 511	9 060 750	-239 955
2030	GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE	6 705 510	6 517 271	6 625 607	4 001 560	6 391 222	-234 385
2040	LIABYGDA SKULE OG BARNEHAGE	4 094 137	3 791 572	3 859 772	2 504 174	3 936 071	76 299
2050	HELSTAD SKULE OG BARNEHAGE	2 729 029	3 094 794	3 161 146	2 277 087	3 066 618	-94 528
2060	STRANDA UNGDOMSSKULE	15 963 581	17 256 166	17 523 170	10 683 742	17 293 729	-229 441
2110	RINGSTAD BARNEHAGE	6 660 333	7 319 534	7 455 567	4 380 762	7 024 298	-431 269
2120	SUNNYLVEN BARNEHAGE	2 266 893	2 571 111	2 629 067	1 454 427	2 442 579	-186 488
2200	PP-KONTORET	1 608 901	1 840 009	1 887 451	1 047 192	1 738 933	-148 518
3010-3014	STRANDA DISTRIKT	48 826 956	53 065 923	53 767 790	34 552 053	50 785 041	-2 982 749
3020	SUNNYLVEN DISTRIKT	11 600 971	13 937 312	14 121 805	8 996 204	13 825 059	-296 746
3030	GEIRANGER DISTRIKT	4 177 903	4 402 580	4 475 599	2 858 685	4 517 074	41 475
3040-3042	HABILITERING / REHABILITERING	12 096 470	12 855 404	13 120 403	14 134 147	13 493 250	372 847
3050	HELSETENESTA	11 668 485	12 455 094	12 767 218	7 975 325	12 913 983	146 765
3060-3065	SOSIALTENESTA	5 107 425	9 100 190	9 210 615	4 266 802	7 753 413	-1 457 202
3070	NAV	1 137 305	1 183 833	1 211 714	769 378	1 203 236	-8 478
4010-4014	KULTUR OG FRITID	4 428 227	4 252 364	4 343 082	2 968 244	4 286 925	-56 157
5010	PLAN / MILJØ / NÆRING	3 107 478	4 403 614	4 528 197	1 836 415	4 087 388	-440 809
6010	KOMMUNALTEKNIKK / BRANNVERN	13 123 967	12 504 085	12 648 054	-2 911 758	13 168 087	520 033
7010	VAKTMESTERTENESTE	3 253 304	3 110 692	3 142 199	2 159 882	3 080 694	-61 505
7030	HUS TIL UTLIGE	25 150	-	-	-	-	-
	SUM TENESTEININGANE	232 190 885	247 517 865	247 517 865	158 461 169	248 377 085	859 220
8010	SKATTAR/RAMMETILSKOT	-277 685 842	-278 808 402	-278 808 402	-187 003 157	-281 808 402	-3 000 000
9010	RENTER/AVDRAG/DRIFTSRESULTAT	45 494 957	31 290 537	31 290 537	20 263 506	30 290 537	-1 000 000
		-0	0	0	-8 278 481	-3 140 780	-3 140 780

Prognose per 2. tertial 2017 syner at Stranda kommune kan forvente eit mindreforbruk på om lag 3,1 MNOK for rekneskapsåret 2017.

Prognosa bygger på at Stranda kommune, i tråd med gjeldande forpliktande plan, dekker inn 6 MNOK av akkumulert meirforbruk over driftsrekneskapen for 2017. Ein har teke høgde for at Stranda Energi AS betaler eit utbytte stort NOK 2.000.000.- i 2017 mot budsjett NOK 4.000.000.- Pensjonsprognosa frå KLP per oktober syner på same vis som i fjor ein betydeleg endring i høve budsjett og prognoser tidlegare i året. Ved budsjettvedtaket i desember 2016 vart det lagt til grunn at premieavviket i KLP for 2017 ville bli på knappe 9 MNOK. Prognose frå KLP i september 2017 estimerer premieavviket for 2017 til 2,3 MNOK. Sidan Stranda kommune inntektsfører positive premieavvik på ansvar 1011 RÅDMANNSKONTORET betyr denne endringa at resultatet for eininga vil verte svekka med 6,7 MNOK i 2017. Resultatet for driftseiningane vert imidlertid tilsvarande forbetra med 6,7 MNOK. Pensjonskostnadar lågare enn budsjett er ein vesentleg grunn til at så godt som alle driftseiningane leverer prognose på mindreforbruk for rekneskapsåret 2017 per 2. tertial.

Økonomisjefen er av den oppfatninga at endringane i premieavvik medfører så store avvik i høve budsjett, på einskilde einingar, at budsjettendringar er påkrevde for å stette krava i høve avvik etter budsjettforskrifta. Ein ber difor om at kommunestyret gir rådmannen eit fullmaktsvedtak til å justere budsjetta for dei einskilde einingane før årsslutt, tilsvarande skilnaden mellom budsjetterte pensjonskostnadar for året og faktiske pensjonskostnadar for året.

Ein legg til grunn at Stranda kommune i samband med framlegginga av Statsbudsjettet for 2018 vil få synleggjort eit bortfall i rammeoverføring på totalt 6,9 MNOK i 2018 som følgje av at kommunen

ikkje har gjort vedtak om å slå seg saman med ein eller fleire andre kommunar innanfor rammene av kommunereforma. Estimater på bortfall av rammeoverføring er henta frå KS si inntektsprognose frå august i år. For å lette verknaden av dette inntektsbortfallet vil rådmannen basere sitt framlegg til budsjett for 2018 på at 3 MNOK av det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2017 vert ført over til 2018-budsjettet.

I prognosa per 2. tertial 2017 er det lagt til grunn at dei framlegg til budsjettendringar som vert lagt fram for politisk handsaming parallellt med tertialrapporten vert vedtekne av kommunestyret. Føreslegne budsjettendringar er difor tekne inn i kolonna «Budsjett 2017 justert» i tabellane i rapporten.

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 07.11.2017

SAK 11/17
STATUS VEDKOMANDE INNBETALTE REFUSJONAR VEDKOMANDE ANLEGG I
SVEMORKA

Det vert vist til kontrollutvalet si sak 07/17.

Kommunerevisjonen er oppmoda om å legge fram slik dokumentasjon som kommunestyret den 03.05.2017, sak 026/17, har bedt om.

Økonomisjef Ståle Anker Ljøen vil greie ut kva som er status for denne prosessen.

Saka vert med dette lagt fram med følgjande tilråding til

v e d t a k :

Informasjonen vert teken til orientering.

Kjetil Kvammen
sakshandsamar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 07.11.2017

**SAK 12/17
BUDSJETT 2018**

Budsjettet vart førebels handsama den 24.10.2017 og 06.11.2017 i formannskapet, og skal takast opp på nytt i formannskapet den 27.11.2017. Kommunestyret skal handsame budsjettet for 2018 i møte den 14. desember 2017.

Økonomisjef Ståle Anker Ljøen vil gjere greie for hovudinnhaldet i budsjettframlegget.

Saka vert med dette lagt fram med følgjande tilråding til

v e d t a k :

Opplysingane om budsjettframlegget vert tekne til orientering.

Kjetil Kvammen
sakshandsamar

SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 07.11.2017

SAK 13/17 OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI OG ENGASJEMENTSBREV

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommunerevisjonen datert 19.10.2017

Dokumenta er utarbeidd med utgangspunkt i internasjonale standardar og kommunelova. Det blir vist til dokumenta, og kontrollutvalsekretariatet har ikkje merknader til desse.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Kjetil Kvammen
sakshandsamar

Stranda kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
19.10.2017
Dykkar dato:


Vår referanse:
Dykkar referanse:

Oversending engasjementsbrev med vidare

Vedlagt følgjer

- Overordna revisjonsstrategi Stranda kommune
- Vurdering av uavhengigheit Stranda hamnevesen KF
- Engasjementsbrev

Vurdering av uavhengigheit for Stranda kommune vil bli ettersendt etter at ny oppdragsansvarleg revisor byrjar 01.11.2017.



Kurt A. Løvoll
konst. dagleg leiar

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – STRANDA KOMMUNE - 2017

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen omfattar kommunen si verksemd. I tillegg inngår Stranda Hamnevesen KF. Kommunen deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Desse utarbeider eigne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2016 til 2017.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. I haust vil det bli gjennomført eit møte med rådmann i samband med planlegging av revisjonen. Det vil vidare bli gjennomført møte med økonomisjef.

Revisjonsberetning skal vere avlagt seinast 15.04.2018. Dersom noko blir avdekka jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen innan fristen for revisjonsberetninga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekka forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpande.

Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil og bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Stranda kommune:

Oppdragsansvarleg revisor: Anne Nygård (startar 1.november)

Teammedlemar: Ann-Kristin Melseth

Stranda hamnevesen KF:

Oppdragsansvarleg revisor: Knut Gunnar Alnes

Teammedlem: Randi Kalvatsvik

Internt i revisjonsteama vil det vere møter der gjennomført arbeid blir gått gjennom, og det vil bli gjeve tilbakemeldingar på dette. Det vil og vere dialog mellom teama.

Revisjonsteama har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiar og oppdragsansvarlege revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Vår vurdering er at det i all hovudsak er kontinuitet i oppdraget Stranda kommune.

Kommunen har framleis særskilt høg gjeld og er registrert i ROBEK, men hadde i 2016 eit godt økonomisk resultat.

REVISJONSÅRET

	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Planlegging og oppstart av nytt år												
Identifisering av risiko												
Kartlegging og testing av rutinar												
Substanshandlingar												
Årsoppgjørdisposisjonar												
Attestasjonar												

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimrevisjon og årsoppgjørsrevisjon.

OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, vil det mellom anna bli sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2017 (lista er ikkje uttømande):

- Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp
- Etterleving av regelverk sjølvkost på vatn og avløp
- Rutinar for gjelds- og finansforvaltning og etterleving av reglement.
- Oppfølging av periodisering, mellom anna variabel løn desember

- Budsjettendringar ved vesentlege endringar i føresetnadane i budsjettet jf. krav i kommunelova
- Gjennomgang av reisegodtgjersle

Ålesund, 18.10.17



Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar



Knut Gunnar Alnes
oppdr.ansv. revisor Stranda hamnev. KF

Til kontrollutvalget

i Stranda kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen) deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:


5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som Stranda kommune eller Stranda hamnevesen KF deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Stranda kommune eller Stranda hamnevesen KF som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Stranda kommune eller Stranda hamnevesen KF som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Stranda kommune eller Stranda hamnevesen KF som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptre som fullmektig for Stranda kommune eller Stranda hamnevesen KF.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 4. oktober 2017


Knut Gunnar Alnes

Oppdragsansvarlig revisor Stranda hamnevesen KF

STRANDA KONTROLLUTVAL

Vår sakshandsamar:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
04.10.2017
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Engasjementsbrev – Stranda kommune

1. Innledning

Komrev3 IKS er gjennom egen selskapsavtale revisor for Stranda kommune. Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet (og foretaksregnskap). Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at kontrollutvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

De økonomiske forhold mellom revisjonen og kommunen går fram av selskapsavtalen.

2. Revisjonen – formål og innhold

Kommuneloven har blant annet følgende bestemmelser om revisjonen i § 78:

1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.
2. Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) er vi underlagt jevnlig eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Ledelsenes ansvar

I henhold til kommuneloven er det kommunens administrasjonssjef som er ansvarlig for at kommunens interne administrative kontroll og økonomiforvaltning er ordnet på en betryggende måte og er gjenstand for betryggende kontroll. Det er også administrasjonssjefens ansvar å

utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestemmelsene i kommuneloven, forskrift om årsregnskap og årsberetning i kommuner og fylkeskommuner og god kommunal regnskapsskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller m.v. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste tilsyn med den kommunale forvaltningen. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunen og forvaltningen blir forsvarlig revidert. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner basert på en overordnet risiko- og vesentlighetsanalyse.

Forvaltningsrevisjon

I henhold til forskrift om revisjon osv. § 7 innebærer forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,
- c) regelverket etterleves,
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt.

Innenfor forvaltningsrevisjon av kommuner er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon vil være beskrevet ved rapporteringen av den enkelte revisjon, slik at denne oppgaven ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor blir utnevnt for hvert prosjekt.

Regnskapsrevisjon

Når det gjelder regnskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad være omtalt ved avrapportering, slik at vi her bruker noe mer plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor vil fra 01.11.2017 være Anne Nygård.

Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave som revisor for kommunen å vurdere og avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om hvorvidt årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene stemmer med regulert beløp.

Vi kontrollerer også om opplysninger i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Videre er det vår oppgave å vurdere om kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Årsregnskapet skal iht. forskriften være avlagt av administrasjonssjefen innen 15. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Administrasjonssjefens ansvar omfatter også ansvar for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av regnskapsopplysninger er innrettet på en ordentlig og oversiktlig måte.

Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for kommunens eller enhetens utarbeidelse av årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll.

Generelt vil en effektiv intern kontroll (kommunens egen) redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for en stor del være avhengig av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunens interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsregnskapet og som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggende sikkerhet for at det ikke er vesentlige formelle mangler knyttet til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger. Slike vurderinger innebærer gjennomføring av kontrollhandlinger for å innhente bevis om disse forholdene. De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

Andre uttalelser og kontrollhandlinger

Vår revisjon vil også omfatte de kontrollhandlinger som er nødvendige for å attestere følgeskriv til lønns- og trekkoppgavene og de terminvise krav etter den kommunale ordningen for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskudd som er gitt for å finansiere særskilte oppgaver (særattestasjoner), der det er krav eller ønske om revisors attestasjon. Våre kontroller utføres i tråd med oppdragsgivers anvisninger og aktuell standard for attestasjonsoppdrag.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har – med visse lovhjemlede unntak - taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Dette følger av kommunelovens § 78, nr 7. Taushetsplikten gjelder ubegrenset i tid, også etter at oppdraget er avsluttet.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

4. Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det. I tillegg utarbeides oppstartsbrev i forbindelse med oppstart av den enkelte forvaltningsrevisjon og årlig i forbindelse med oppstart av regnskapsrevisjonen, dette sendes administrasjonen.

Kontrollutvalget skal sørge for at plan for forvaltningsrevisjon blir utarbeidet og innstille til kommunestyret, som vedtar planen. Forvaltningsrevisjoner rapporteres til kontrollutvalget i form av egne rapporter.

Regnskapsrevisjonens innhold avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisors skjønn. Kontrollutvalgets oppgave er å påse at kommunen har en tilstrekkelig revisjon. For å sikre kontrollutvalget informasjon om regnskapsrevisjonen vil det i tillegg til revisjonsberetningen redegjøres for status i arbeidet. Kontrollutvalget vil bli orientert om revisjonsstrategien så tidlig som mulig i revisjonsåret.

Etter en endring i offentlighetsloven § 5 annet ledd, som trådte i kraft 1. januar 2015, kan offentlig innsyn i foreløpige revisjonsrapporter utsettes inntil den endelige rapporten er oversendt kontrollutvalget. Endringen innebærer ikke en innsnevring i selve innsynsretten i revisjonsrapporter; det er kun tidspunktet for når innsyn kan kreves som er endret.

Misligheter

Revisor skal iht forskriftens § 3, gjennom revisjonen bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Konstateres det misligheter ved revisjon, eller på annen måte, skal revisor straks sende foreløpig innberetning til kontrollutvalget.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt skal revisor sende endelig innberetning til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av innberetningen til administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet.

Nummererte brev

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget med kopi til administrasjonssjefen. For kommunale foretak sendes kopi til styret, daglig leder og eventuelt administrasjonssjefen. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til revisjonsforskriften § 4, 2 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev:

1. Mangler ved plikten til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.
2. Feil og mangler ved organiseringen av den økonomiske internkontrollen.
3. Misligheter.
4. Feil som kan medføre feilinformasjon i årsregnskapet.
5. Manglende redegjørelse for vesentlige avvik mellom beløpene i den revisjonspliktiges årsregnskap og regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endringer fattet på riktig beslutningsnivå.
6. Begrunnelse for manglende underskrift ved bekreftelser overfor offentlige myndigheter som gis i henhold til lov eller forskrift.
7. Begrunnelse for å si fra seg oppdrag etter § 16.

Brev med påpekning av mindre vesentlige feil eller mangler vil bli sendt direkte til administrasjonen.


Uttalelser fra kommunens ledelse

I forbindelse med årsavslutningen vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om fullstendigheten og riktigheten av de opplysninger som gis i årsregnskapet. På samme måte er vi pålagt å innhente skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv. Disse uttalelsene vil innhentes fra administrasjonen.

5. Andre tjenester

Vår organisasjon har medarbeidere med betydelig kompetanse og praksis innenfor mange fagområder. Dette gjør oss i stand til å yte kompetent veiledning til dere, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i et stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innenfor intern kontroll, merverdiavgift, regnskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjøre innenfor vår oppgave som revisor.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder.



Kurt A. Løvoll
konst. daglig leder

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 07.11.2017

SAK 14/17
OPPSTART AV EIGARSKAPSKONTROLL

Det vert vist til utvalet sitt vedtak i sak 16/16.
Eigarskapskontrollen inngår i vedteken plan for perioden 2015-2019.

Sekretæren vil orientere nærare om ramma for eigarskapskontrollen, som no er i gong.

Saka vert med dette lagt fram med følgjande tilråding til

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Kjetil Kvammen
sakshandsamar